

Samarbeidsavtale mellom
Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk
om trafikktryggingsarbeidet i Vestland



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Innhold

1. Føremål.....	3
2. Om trafiksikkerhetsarbeidet i Norge	3
3. Om sentrale aktører i trafikktryggingsarbeidet	3
4. Nærare om samarbeidet	3
4.1 Overordna.....	3
4.2 Administrative forhold.....	4
4.3 Økonomi	4
4.4 Trygg Trafikk sine oppgaver i fylket	4
4.5 Andre forhold	4
5. Rapportering.....	4
6. Avtalens gyldighet	4

1. Føremål

Føremålet med denne avtalen er å klargjere roller og å regulere samarbeidet mellom Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk sine representantar i Vestland. Avtalen vil erstatte samarbeidsavtalene Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har hatt med Trygg Trafikk og Statens vegvesen. Når Statens vegvesen si framtidige rolle etter avviklinga av sams vegadministrasjon vert avklart, tar ein sikte på å inngå ny samarbeidsavtale med alle tre partar.

I tillegg til denne avtalen er det også inngått ein avtale om trafikksikkerheit på nasjonalt nivå mellom Trygg Trafikk og Statens vegvesen, underteikna 21. august 2012.

2. Om trafikksikkerheitsarbeidet i Norge

Trafikksikkerheitsarbeidet i Norge skal baserast på Nullvisjonen og dei måla for reduksjon av drepne og hardt skadde som Stortinget vedtek gjennom handsaminga av Nasjonal transportplan (NTP), samt dei føringane som vert lagt i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg.

Tiltaksplanen vert utarbeidd av Statens vegvesen, fylkeskommunane, politiet, Helse- og beredningsdepartementet, Utdanningsdepartementet og Trygg Trafikk kvart fjerde år. Planen dekkjer alle dei viktigaste aktørane og interesseorganisasjonane, og gir eit heilskapleg bilde av trafikksikkerheitsarbeidet i Norge.

3. Om sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet

Fylkeskommunen har det politiske ansvaret for oppfølginga av sentrale mål i trafikksikkerheitsarbeidet og at det vert utarbeidd fylkeskommunale tiltaksplanar. Fylkeskommunen er eigar av fylkesvegnettet og har ansvar for planlegging, utvikling, utbygging, drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkeskommunen finansierer også drifta av Trygg Trafikk i fylket gjennom årlege budsjett. Fylkeskommunen har i tillegg ei oppgåve etter vegtrafikklova § 40a; «Fylkeskommunen har et ansvar for å tilrå og samordne tiltak for å fremme trafikksikkerheten i fylket». I Vestland fylkeskommune er denne delen av trafikktryggleiksarbeidet organisert gjennom eit fylkestrafikksikkerheitsutval (FTU).

Statens vegvesen er eit forvaltnings- og myndigheitsorgan underlagt Samferdsledepartementet, med ansvar for planlegging, utvikling, drift og vedlikehald av riksvegnettet. Etaten har også ansvar for køyretøysikkerheit, utskriving av førarrett m.m. Dette betyr at trafikksikkerheitsarbeidet er høgt prioritert, og er ei sektoroppgåve som skal følgjast opp i samsvar med instruks gitt av Samferdsledepartementet.

Trykk Trafikk er ein ideell organisasjon som arbeider for å oppnå best mogleg trafikksikkerheit for alle trafikantgrupper. Trygg Trafikk sitt arbeid er i hovudsak finansiert gjennom statlege tilskot. Fylkes-/lokale aktivitetar er finansiert gjennom fylkeskommunale tilskot og prosjektmidlar. Trygg Trafikk vart oppretta i 1956 etter tilråding frå m.a. Samferdsledepartementet. Organisasjonen er landsomfattande og fungerer gjennom eit hovudkontor og representantar i fylka. Trygg Trafikk har eit særleg ansvar for at trafikkopplæring og informasjon om trafikksikkerheit vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulukke, og er ein aktiv pådrivar i trafikktryggingsarbeidet. Trygg Trafikk skal følgje nøye med i ulukkesutviklinga og vere eit bindeledd og ein møteplass mellom det frivillige trafikktryggingsarbeidet og offentlege myndigheiter som har ansvar for trafikksikkerheit. Dette betyr at trafikksikkerheitsarbeidet er høgt prioritert, og er ei oppgåve som skal følgjast opp i samsvar med Trygg Trafikk sine vedtekter og brev frå Samferdsledepartementet datert 13.12.04.

Samarbeidspartnarane sine roller er nærare omtalt i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg.

4. Nærare om samarbeidet

4.1 Overordna

Det skal vere eit effektiv og nært samarbeid med ei tydeleg rolleavklaring mellom partane i fylket. Trygg Trafikk er representert som rådgjevande medlem i fylkestrafikktryggingutvalet i Vestland, som er det politiske utvalet med ansvar for å koordinere og samordne trafikksikkerheitsarbeidet i fylket. FTU sitt arbeid har sitt grunnlag i handlingsplanar, som vert utarbeidd i samarbeid med dei rådgjevande medlemane. Handlingsplan vert politisk godkjent. Dei årlege budsjetta avgjer aktivitetsnivået det enkelte år.

Trygg Trafikk leiger lokale hjå fylkeskommunen, infrastruktur- og vegavdelinga.

4.2 Administrative forhold

Trygg Trafikk har kontorstad i fylkeskommunen (Bergen og Leikanger) der infrastruktur vert lagt til rette på lik line med fylkeskommunen sine tilsette. Trygg Trafikk treng tilgang til internett, men ikkje til fylkeskommunen sitt intranett og e-postsystem. Trygg Trafikk har eigen leverandør av IKT-utstyr.

Trygg Trafikk har rett til å bruke fylkeskommunen sin internservice og tilhøyrande fellestenester (møterom, skrivarar, undervisningsutstyr, kantine, posttenester, kopieringsutstyr, vrimlerom, treningsrom, reinhald, møblar, vernerundar m.m.) samt moglegheit til å ta del i fylkeskommunen sine velferdstilbod og sosiale arbeidsmiljø. Trygg Trafikk får tilbod om lagringsplass for utstyr.

4.3 Økonomi

Distriktsleiar og andre tilsette vert tilsett og løna av Trygg Trafikk. Fylkeskommunen dekker, gjennom årlege løyvingar, kostnader til reiser, husleige, parkering, lager, kontorhald og IKT-utstyr. Midlane vert overført til Trygg Trafikk ved starten av året.

Fylkeskommunen løyver tiltaksmidlar kvart år, som distriktsleiar nyttar i tråd med fylkeskommunale vedtak. Tiltaksmidlane vert overført frå fylkeskommunen til Trygg Trafikk. Trygg Trafikk har ansvar for rekneskap og revisjon. Ved årets slutt rapporterer Trygg Trafikk korleis dei tildelte midlane er brukt.

Trygg Trafikk rapporterer korleis dei tildelte midlane er brukt ved årets slutt, jf. pkt. i denne avtalen.

4.4 Trygg Trafikk sine oppgåver i fylket

Distriktsleiar gjennomfører aktivitetar og tiltak i tråd med fylkeskommunen sin tiltaksplan og etter Trygg Trafikk sitt planverk. Det er forventa at distriktsleiarane hjelper Trygg Trafikk i sentrale prosjekt som kjem fylket til gode, i form av prosjektutvikling og utvikling av nytt materiell og metodar som fremjar trafikktryggleiken. Distriktsleiar skal hjelpe fylkeskommunen, og delta aktivt i arbeidet med nye trafikksikkerheitsplanar og tiltaksplanar.

4.5 Andre forhold

Ved eventuell usemje er det føresett at dette vert søkt løyst så tidleg som mogleg i ein direkte dialog mellom partane.

5. Rapportering

Trygg Trafikk rapporterer til FTU om bruk av løyvde aktivitetsmidlar gjennom skriftleg årsrapport. Vidare rapporterer Trygg Trafikk gjennom møta i FTU etter førespurnad.

6. Avtalens gyldigheit

Samarbeidsavtalen gjeld frå 1. januar 2020 og erstattar tidlegare avtalar inngått med Sogn og Fjordane fylkeskommune 7/12-2015 og Hordaland fylkeskommune 13/1-2016. Avtalen gjeld for 4 år og blir automatisk fornya, dersom den ikkje vert sagt opp med 6 månaders varsel. Innhaldet i avtalen kan reforhandlast kvart år dersom ein av partane ber om det.

Leikanger xx.xx.xxxx

Vestland fylkeskommune
Fylkesdirektør infrastruktur og veg

Trygg Trafikk
Distriktsleiar Vestland